

SANDVIKSVEIEN 60 OG 62 AS  
Krutthuset Hegrenesveien 15A  
5042 BERGEN

Dato: 15.02.2017  
Vår ref.: 2015/2163-119  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## **Mesterhuset - Reperbanen i Sandviken gnr 168 bnr 2016 og 2017 - Bergen kommune - Askeladden ID: 87154-1, 2 - Ekstratilskot statsbudsjettet 2016 kap 1429 post 71 - Tilskot til freda kulturminne i privat eige - Underretting om tildeling**

Vi viser til søknaden Dykkar, dagsett 30.11.2015.

Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte 06.12.2016, sak 166/16.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok å gje eit **ekstratilskot på kr 225.000,-** av midlar frå statsbudsjettet 2016 frå kap. 1429 post 71 - tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturlandskap og kulturmiljø.

Midlane skal nyttast til istandsetjing av taket, jamfør søknaden: rehabilitering av taksperr og tak, utbetring av råteskader, takstein og renner, samt sikring og prosjektleiing knytt til takarbeidet.

### **Grunngjeving**

Restaureringa av Meisterhuset er ei stor og ressurskrevjande oppgåve, som har gått over lang tid. Tiltaka som er utført er i stor grad finansiert av eigne midlar. Eigar har synt interesse for å ivareta kulturminna på ein kvalitativt god måte. No har arbeidet med å setje i stand taket kome i gong. Dette er eit omfattande arbeid som inneber utskifting/supplering av store deler av sutaket, truleg også deler av sperrekonstruksjonen og taktekinga (teglstein). Det er brukt mykje ressursar på restaurering og kopibygging av viktige bygningsdeler som hovuddør og vindauge. Administrasjonen legg til grunn at prosjektet har god styring og gjennomføringsevne og tilrår stønad. Administrasjonen vil streke under at det i hovudsak berre vert gitt stønad til meirkostnadar i høve til antikvarisk restaurering. Vi har forståing for at dette kan vere vanskeleg ved nokre høve, men der det let seg gjere, skal det gå fram av søknaden.

Kontaktperson i HFK er Roald Landøy når det gjeld den faglege utføringa, og Stein Ottosen når det gjeld økonomi/utbetalingar.

### **Tidsavgrensing**

Tilskotet gjeld for inneverande år og ut påfølgjande år.

### **Godkjende planar**

Det må liggja føre planar godkjende av fylkeskonservatoren, **før** arbeidet vert sett i gang.

*Dei fleste inngrep i freda bygningar krev dispensasjon etter kulturminnelova § 15a. Tilsegn om tilskot er ikkje det same som dispensasjon. Før det vert sett i gang arbeid som inneber utskifting av material og/eller bygningsdelar, ny overflatehandsaming eller farge, eller anna arbeid som går ut over enkelt vedlikehald på freda bygningar, må det difor sendast eigen dispensasjonssøknad der dei planlagde tiltaka vert skildra detaljert. Hastar det med å koma i gang med arbeidet, kan De ringa oss v/ Erlend Hofstad 55 37 80 24), så skal me vera så raske og fleksible som mogleg for å få det formelle på plass.*

### **Arbeidsgjevaransvar**

Søkjaren må sjølv stå som arbeidsgjevar for dei handverkarane som utfører arbeidet. Dette inneber at rekningar skal adresserast til søkjar, som må forskottera utbetalinga.

### **Vilkår for utbetaling av tilskot**

Det utførte arbeidet skal godkjennast av fylkeskonservatoren for utbetaling. Søkjar må senda oss rekneskapsoversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet. Det må takast atterhald om heil eller delvis tilbakebetaling av tilskotsmidlane dersom det viser seg at prosjektet ikkje er blitt gjennomført etter føresetnaden. Søkjaren må senda rapport om det utførte arbeidet, dokumentert med fotografi, både før og etter arbeidet.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert forvalta slik som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei opplysningane ein finn påkrevd for sin kontroll.

### **Retningslinene frå Riksantikvaren**

Vi legg ved retningslinene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. Vi gjer også merksam på at skjemaet **aksept for vilkår av tilskudd** må returnerast seinast **4 veker** etter at dette brevet er motteke.

Vedtaket kan påklagast til Riksantikvaren, jf. forvaltningsloven § 28. Ein eventuell klage skal stilast til klageinstansen, men sendast Hordaland fylkeskommune innan tre – 3 veker frå mottaking av dette brevet.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen, Roald Landøy

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### **Vedlegg**

- 1 Akseptskjema som skal signerast og sendast i retur til Hordaland fylkeskommune